



Innføring Helseplattforma Status veke 16

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune



Innhald

- 01 Overordna plan
- 02 Plan april og mai
- 03 Folka i spissen: Andreas Christian Nørve



Overordna plan

Innføringa av Helseplattforma er organisert i ulike arbeidspakkar. Kvar av desse pakkane har sin eiga startdato, som er tidspunktet vi byrjar å arbeide med dei, og ein avslutningsfrist, som er den dato dei skal være ferdige.

På den neste sida i dokumentet vil du finne ei detaljert oversikt over fristane for arbeidspakkane. Denne oversikten er delt inn i to delar. Den øvste delen viser fristane fordelt per veke. Den nedre delen viser fristane fordelt per månad.

Som du vil merke, var det ein topp i fristane i januar. Men det er også mange fristar som kjem i april. "Go-live"-datoen, dagen Helseplattforma offisielt skal teken i bruk, er satt til den 27. april.


Noko anna som er verdt å merke seg er at sjølv om ein frist er sett til april, er fleire av arbeidspakkane allereie i gang. Vi arbeidar ikkje berre med arbeidspakkar som har umiddelbare fristar, men også med dei som har fristar litt lenger fram i tid.




Oversikt fristar



Antall fristar per veke




Antall fristar per månad





Overordnet plan for innføring



Arbeidspakkar med frist i april

Delaktiviteter	March				April					May	
	03	10	17	24	31	07	14	21	28	31	
Adresseregister NHN - ansvarlig for e						01.04.2024					
Brukernavn og passord KS SvarUt						01.04.2024					
Sende virksomhetssertifikat						01.04.2024					
Planlegging og gjennomføring av E V						01.04.2024					
Uttrekk av elever ved barne og ungdom						01.04.2024					
Fokus pasientoverføring						01.04.2024					
Signering av avtaler for å ta i bruk na						01.04.2024					
Innmelding av frekvens og deltakere						03.04.2024					
Eiere av arbeidslister økonomi						03.04.2024					
Planlegging av kommandosenter						05.04.2024					
NAV - Trekk ID og kreditor ID						05.04.2024					
Opplæring av e-meldingsansvarlige						05.04.2024					
Eiere av arbeidslister for Manglende p						11.04.2024					
Eiere av arbeidslister for Ventelister Ir						11.04.2024					
Test av informasjon i integrerte system						15.04.2024					
Godkjenning felles rolledokument						16.04.2024					
Sluttbrukeropplæring						19.04.2024					
Administrator knytter ansvarlige/ ansa						20.04.2024					
Endringsledelse og informasjon til lec						26.04.2024					
Risiko						27.04.2024					

Arbeidspakkar med frist i mai

Delaktiviteter	March				April				May				June	
	24	31	07	14	21	28	05	12	19	26	02	09		
Produksjonsverifisering Emeldinger							10.05.2024							
Gjennomføring av manuell konverteri								15.05.2024						
Program for pasientsikker arbeidsflyt									22.05.2024					



Folka i spissen: Andreas Chr. Nørve

Som kommunedirektør i Vanylven har eg fokus på å sikre både tilsette og brukarane av våre tenester dei beste dataløysingane. Når vi no tek i bruk Helseplattformen, så har vi alle våre dataløysingar som sky-løysingar og vi har samtidig fornja heile maskinparken til helse- og omsorgssektoren. Dette betyr mykje både for drifts- og datatryggleik.

Likevel er det viktigaste med Helseplattformen at vi får eit nytt og moderne samhandlingsystem mellom brukarane; fastlegane; ambulansesteneste; kommunal helseteneste og sjukhusa. For å sikre Helseplattformen som eit godt samhandlingssystem, så krev dette at tilsette nyttar Helseplattformen på ei formålstenleg måte og dette er bakgrunnen for den opplæringa som er gitt no i vinter.

Eg vil likevel understreke at denne overgangen vil vere krevjande. Det er alltid utfordringar knytt til implementering av nye system, og Helseplattformen er ikkje noko unntak. Det vil kreve tid, tilpasning og tålmodighet frå alle involverte. Men eg er overbevist om at med hardt arbeid og positiv innstilling, vil vi overvinne desse utfordringane.

Undersøkingar viser at den største årsak til pasientskader ved sjukehusa er feil legemiddelbruk og her vil Helseplattformen vere eit unikt system – som sikrar at legemiddellista til pasientane til ein kvar tid er oppdatert. Dette slik at alle instansar som legekontor, ambulanse, sjukehus, institusjon og heimetenesta har oppdatert informasjon om kva medisin pasientane skal ha. Eg trur også at den mobile eininga som skal nyttast i helse- og omsorgstenesta, både vil forenkle arbeidskvardagen til dei tilsette samt sikra at viktig informasjon om brukaren blir oppdatert i sanntid.

Brukarane våre får gjennom appen HelsaMi tilgang til prøvesvar, legemiddeloversikt, besøkssamandrag og timebestillingar – og eg vil oppmøde alle om å laste ned denne appen til eige bruk. HelsaMi blir ein ny måte som brukarane og helsetenesta kan samhandle på.

Vanylven kommune vil vere den første kommunen i verden som etablerer ei samhandlingsløysing mellom alle aktørane i helsesektoren og dette i seg sjølv er eit pilotprosjekt som alle i helse- og omsorgssektoren skal vere stolte av. Tilsette i helse- og omsorgssektoren har lagt ned ein enorm og fantastisk innsats for å implementere Helseplattformen, og med hardt arbeid og positiv innstilling så vil kommunen lukkast med innføringa av Helseplattformen 27. april 2024.

Eg vil takke alle tilsette som har vore engasjert i arbeidet med å implementere Helseplattformen, med arbeidet som er lagt ned - og gratulere alle med at vi lukkast å innføre Helseplattformen samtidig som vi har drifta våre tenester. Vi må også takke fastlegane og alle dei andre tilsette ved vårt legekontor, som var modig og gjekk først med å ta i bruk Helseplattformen gjennom pilotane for fastlegane og legevakta.